

Saksbehandlar: Ingeborg Lie Fredheim, Opplæringsavdelinga  
Sak nr.: 13/6653-22

## **Investeringar og drift ved Sogn jord- og hagebruksskule**

**Fylkesrådmannen rår hovudutval for opplæring til å gje slik tilråding:**

**Hovudutvalet for opplæring rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:**

**Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

Saka om investeringar og drift ved Sogn jord- og hagebruksskule vert å ta stilling til i samband med føreståande budsjett- og økonomiplanarbeid.

### Vedlegg:

1. Brev frå fylkeskommunen og Aurland kommune til Kunnskapsdepartementet og Landbruks- og matdepartementet, datert 02.01.14: Førespurnad om møte med Kunnskapsdepartementet om framtida for Sogn jord- og hagebruksskule
2. Brev frå Kunnskapsdepartementet til fylkeskommunen, datert 11.02.14: Svar på førespurnad om møte
3. Informasjonsskriv til landbruksministeren si vitjing i Sogn og Fjordane 21.01.14
4. Brev frå fylkeskommunen til Aurland kommune, datert 29.11.13: Sogn Jord- og hagebruksskule - vegen vidare. Oppfølging av fylkesutvalet sitt vedtak i sak 116/13
5. Saksutgreiinga m/vedtak frå handsaminga i Aurland kommunestyre i sak 12/14 Sogn jord- og hagebruksskule – tilbakemelding på førespurnad om finansiell medverknad i investerings- og driftsutfordringane ved skulen
6. Vedlegg til sak 12/14 i Aurland kommunestyre: Innbyding til etablering av stifting
7. Rapport, datert 18.11.13, utarbeidd av Aurland Naturverkstad etter bestilling frå Aurland kommune: Verdier for framtida. Sogn Jord- og Hagebruksskule. Landsline for økologisk landbruk
8. Brev, datert 26.11.13, frå Universitetet for miljø- og biovitskap (UMB): Betydningen av samarbeid mellom UMB og Sogn jord- og hagebruksskule
9. Brev, datert 10.12.13, frå Norsk Gardsost v/Sigurd Avdem: Framtida til Sogn jord- og hagebruksskule
10. Brev, datert 18.03.14, frå Nærøyfjorden verdsarvpark: Sogn jord- og hagebruksskule som regional utviklingsaktør – uttale
11. Brev, datert 09.04.14, frå Norges Bygdeungdomslag: Sogn jord- og hagebruksskole – en unik skole med livets rett
12. Brev, datert 05.05.14, frå Økoringen Vest og Oikos Vest: Framtida til Sogn Jord- og Hagebruksskule (SJH) i Aurland
13. Brev, datert 12.05.14, frå Sogn Regionråd: Framtida for Sogn jord- og hagebruksskule
14. Notat, datert 11.02.14, frå Arkitektkontoret Erling Haugen AS: Sogn jord- og hagebruksskule, revidert areal- og kostnadsvurdering
15. Fylkesutvalssak 116/13 Sogn jord- og hagebruksskule – vegen vidare inkl. vedlegg

---

## SAKSFRAMSTILLING

---

### 1. Bakgrunn for saka

Fylkesutvalet handsama i møte 27.11.13, sak 116/13, *Sogn jord- og hagebruksskule – veggen vidare*, og gjorde slikt vedtak:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune set i gong ein prosess, med frist medio mars 2014, for å kartleggje kven som vil vere med å delfinansiere framtidige investeringar ved Sogn jord- og hagebruksskule – både på kort og lengre sikt. Det skal likeeins kartleggjast kven som vil vere med å dekke årlege driftsutgifter, ekskl. kapitalutgifter, i den grad desse ikkje vert dekkja av staten innafor ramma av den statleg godkjende landslineordninga.
2. Fylkeskommunen vil i utgangspunktet vere innstilt på følgjande:
  - a. Dekke 60% av eit kortsiktig investeringsbehov anslått til 43 mill. 2013-kr.
  - b. Gjennom ein intensjonsavtale vere med å ta eit finansielt delansvar også for det langsiktige investeringsbehovet ved skulen, anslått til nye 30-40 mill. 2013-kr.
  - c. Dekke om lag halvparten av dei løpande driftsutgiftene, ekskl. kapitalutgiftene, som staten ev. ikkje dekkjer. I 2012 utgjorde dette i alt 2,9 mill. kr.
3. Fylkeskommunen tek umiddelbart opp att arbeidet mot sentrale styresmakter med sikte på statleg delfinansiering av investeringane ved skulen og statleg fullfinansiering av tilhøyrande drift. Fylkeskommunen ønskjer her eit nært samarbeid med Aurland kommune.
4. Fylkeskommunen vil også be Aurland kommune klårgjere ev eigen finansiell medverknad i investerings- og driftsutfordringane ved skulen, jf. pkt. 2 over. Som lekk i dette ønskjer ein at Aurland kommune og klårgjer om det er grunnlag for annan finansiell medverknad enn frå stat og kommunesektor.
5. Det vert lagt til grunn at fylkestinget i juni 2014 tek endeleg stilling til framtida for Sogn jord- og hagebruksskule.

Fylkesrådmannen legg med dette fram sak om oppfølginga av fylkesutvalet sitt vedtak.

### 2. Oppfølging av fylkesutvalet sitt vedtak

#### 2.1 Medverknad frå sentrale styresmakter

Fylkeskommunen har i arbeidet mot sentrale styresmakter hatt tett samarbeid med Aurland kommune. Som oppfølging av punkt 3 i fylkesutvalet sitt vedtak bad fylkeskommunen og Aurland kommune, i brev av 02.01.14 (vedlegg 1), om å få møte politisk leiing i Kunnskapsdepartementet og representantar frå Landbruks- og matdepartementet for å drøfte korleis vi kan sikre og vidareutvikle drifta av det økologiske kompetansesenteret Sogn jord- og hagebruksskule. I tillegg bad ein om å få gi ei kort orientering om utfordringane knytt til framtida for Sogn jord- og hagebruksskule på landbruksministeren si vitjing i Sogn og Fjordane 21. januar 2014.

Fylkeskommunen og Aurland kommune fekk i brev datert 11.02.14 (vedlegg 2) avslag frå Kunnskapsdepartementet på førespurnaden om møte. Departementet viser i sitt svarbrev til at finansiering av investeringar i skulebygg er eit fylkeskommunalt ansvar og at departementet difor ikkje kan medverke til å finansiere bygningsmessige investeringar ved skulen. Dei viser vidare til at det ikkje ligg føre planar om å endre satsane til drift av landsliner og at dei landbrukspolitiske måla det vert vist til i brevet frå fylkeskommunen og Aurland kommune er ansvarsområdet til Landbruks- og matdepartementet.

På landbruksministeren si vitjing i januar i år fekk politisk leiing i fylkeskommunen høve til å gi ei kort orientering om utfordringane knytt til framtida for Sogn jord- og hagebruksskule. Utarbeidd informasjonsskriv følgjer som vedlegg 3.

Fylkeskommunen har ikkje motteke signal frå sentrale styresmakter om at det kan vere aktuelt med statleg medverknad til finansiering av investeringar eller drift knytt til Sogn jord- og hagebruksskule. Fylkesrådmannen er kjend med at politisk leiing i fylkeskommunen og Aurland kommune framleis arbeider for å få til eit møte med politisk leiing i Kunnskapsdepartementet.

## **2.2 Medverknad frå Aurland kommune**

Som oppfølging av vedtaket i FU-sak 116/13 sende fylkesrådmannen 29.11.13 brev til Aurland kommune (vedlegg 4) der ein bad om tilbakemelding på punkta 2 og 3 i vedtaket. I brevet bad fylkeskommunen også Aurland kommune om å hjelpe til med å klårgjere om det er grunnlag for annan finansiell medverknad enn frå stat og kommune.

Kommunestyret i Aurland kommune handsama i sak 12/14 *Sogn jord og hagebruksskule - tilbakemelding på førespurnad om finansiell medverknad i investerings- og driftsutfordringane ved skulen*. Kommunestyret gjorde følgjande samrøystes vedtak i saka:

1. Aurland kommune tilrår at det med utgangspunkt i det føreliggjande prospektet vert oppretta ei stifting med føremål å tryggja og utvikla Sogn Jord- og Hagebruksskule (SJH) som landbruksskule for økologisk landbruk og berekraftig næringsutvikling i landbruket
2. Aurland kommune er innstilt på å delta som medstiftar med inntil 5 mill. kroner.
3. Aurland kommune sin del av stiftingskapitalen vert finansiert ved bruk av konsesjonsavgiftsfondet.
4. Aurland kommune vil samarbeida med Sogn og Fjordane fylkeskommune med tanke på å få til nok stiftingskapital, medverknad frå statlege styresmakter og sikring av forsvarlege avtalar om framtidig drift av SJH.
5. Aurland kommune finn ikkje grunnlag for å yta driftstilskot til skulen.

Kommunen har utarbeidd ei stiftingsinnbyding som legg til grunn at fylkeskommunen saman med m.a. Venneforeininga og Aurland kommune skal etablere ei stifting som skal «stå ansvarleg for naudsynte nybygg og/eller renovering av skulebygningane i tråd med fylkeskommunen sine utbyggingsplanar på skulen, og leige desse ut til skuleeigar». Saksutgreiinga m/vedtak frå handsaminga i Aurland kommunestyre i sak 12/14 og Innbyding til etablering av stifting følgjer som vedlegg 5 og 6.

## **2.3 Medverknad frå andre eksterne aktørar**

Fylkeskommunen har etter at fylkesutvalet handsama sak 116/13 motteke innspel frå følgjande instansar:

1. Rapport, datert 18.11.13, utarbeidd av Aurland Naturverkstad etter bestilling frå Aurland kommune: Verdiar for framtida. Sogn Jord- og Hagebruksskule. Landslinje for økologisk landbruk (vedlegg 7)
2. Brev, datert 26.11.13, frå Universitetet for miljø- og biovitskap (UMB): Betydningen av samarbeid mellom UMB og Sogn jord- og hagebruksskule (vedlegg 8)
3. Brev, datert 10.12.13, frå Norsk Gardsost v/Sigurd Avdem: Framtida til Sogn jord- og hagebruksskule (vedlegg 9)
4. Brev, datert 18.03.14, frå Nærøyfjorden verdsarvpark: Sogn jord- og hagebruksskule som regional utviklingsaktør – uttale (vedlegg 10)
5. Brev, datert 09.04.14, frå Norges Bygdeungdomslag: Sogn jord- og hagebruksskole – en unik skole med livets rett (vedlegg 11)
6. Brev, datert 05.05.14, frå Økoringen Vest og Oikos Vest: Framtida til Sogn Jord- og Hagebruksskule (SJH) i Aurland (vedlegg 12)
7. Brev, datert 12.05.14, frå Sogn Regionråd: Framtida for Sogn jord- og hagebruksskule (vedlegg 13).

Felles for alle desse innspela er at ein ønskjer at drifta ved skulen skal vidareførast og at skulen må utviklast.

Ingen av instansane tilbyr noko form for finansiell støtte.

### 3. Fylkesrådmannen sine vurderingar

#### 3.1 Investeringsbehov ved Sogn jord- og hagebruksskule

I saksutgreiinga til FU-sak 116/13 vart det lagt til grunn eit investeringsbehov på kort sikt på om lag 43 mill. kr inkl. mva. (byggjestege 1). Dette er eit investeringsbehov som krev løysing straks. Vidare vart investeringsbehovet ut over første byggjestege rekna til om lag 34 mill. kr. I saka vart det lagt til grunn at fylkesrådmannen med det første ville ta initiativ til ein grundig gjennomgang av eit meir detaljert arealbehov for denne delen av generalplanen. Ein slik gjennomgang vart ferdigstilt medio februar 2014 (jf. notat, datert 11.02.14, frå Arkitektkontoret Erling Haugen AS, vedlegg 14) og viste eit investeringsbehov ut over første byggjestege på i overkant av 40 mill. kr.

I tillegg kjem kostnader til opprusting av vatningsanlegg og utviding av plastvekstshus på til saman om lag 1,3 mill. kr inkl. mva (kostnadsrekna frå skulen).

Investeringsbehova ut over første byggjestege må gjennomførast i eit 5-15-års perspektiv for å kunne gje forsvarleg opplæring ut frå krava i læreplanane.

Samla investeringsbehov inkluderer:

	Sum i mill. 2013-kr inkl. mva
A. Nybygg for undervisning, administrasjon m.m.	42,5
B. Renovering og ombygging av eksisterande internatbygg	25,0
C. Treverkstad/ vaktmeisterlokale	2,5
D. Rivingskostnader	2,0
E. Ombyggingar og vedlikehald annan bygningsmasse	8,0
F. Utomhuskostnader	3,0
G. Opprusting av vatningsanlegg og utviding av plastveksthus	1,3
<b>Sum investeringar</b>	<b>84,3</b>

Det er i kalkylen lagt til grunn «normal» m2-prisvurdering for denne type bygningsmasse. Det er føresett at byggherre set vilkår i ein ev. prosess som gjer at ein har kontroll på kostnadene. Anna vurdering av areal og m2-pris vil kunne gje andre tal. Dersom det ved konkret planlegging vert ønska/kravd særskilte løysingar/materialval (t.d. i eit økologisk perspektiv), vil det truleg føre til auka kostnader.

Dersom ein legg til grunn lånefinansiering av den samla investeringskostnaden og mva-kompensasjon på 25 %, kan årlege kapitalutgifter av investeringsbehovet reknast til om lag 5,6 mill. kr.

Det er ikkje innarbeidd løyvingar til bygningsmessige investeringar på Sogn jord- og hagebruksskule i gjeldande budsjett og økonomiplan.

#### 3.2 Framtidig finansiering av drift og investering

Gjennom arbeidet med å klårgjere grunnlaget for finansiell medverknad frå staten, Aurland kommune og andre har Aurland kommune vist at dei er innstilt på å bidra med inntil 5 mill. kr i stiftingskapital, dersom det vert oppretta ei stifting.

Fylkesrådmannen har ikkje registrert andre innspel om finansiell medverknad.

Fylkesrådmannen rår sterkt frå at fylkeskommunen går inn som medstiftar slik Aurland kommune ønskjer. Dette fordi ei slik løysing gir lite bidrag økonomisk, medan ho i stor grad avgrensar fylkeskommunen sitt handlingsrom i høve drift og utvikling.

Det er i tilbakemeldinga frå Aurland kommune ikkje sannsynleggjort eit grunnlag for å finne ei løysing på driftsutfordringane ved skulen.

Aurland kommune meiner etablering av ei stifting kan vere løysinga for å få med andre bidragsytarar på å finansiere investeringsutfordringane ved skulen. Kommunen har på bakgrunn av dette fått utarbeidd ei skisse til innbyding til etablering av stifting. Kommunen har i sitt framlegg føresett at fylkeskommunen er medstiftar og har i påvente av fylkeskommunen si handsaming av saka ikkje sendt ut innbydinga eller på andre måtar fått testa om det er grunnlag for å få inn stiftingskapital.

Dersom det skal investerast i bygningsmassen på Sogn jord- og hagebruksskule, bør det samla investeringsbehovet og ikkje berre det kortsiktige/akutte vurderast. Med dette som utgangspunkt har fylkesrådmannen, fram til regjeringa fremja Kommuneproposisjonen med nytt inntektssystem, arbeidd med ei skisse til mogleg løysing. Denne skissa femner om full opprusting/utbygging av Sogn jord- og hagebruksskule innanfor ei økonomisk ramme på 84,3 mill. 2013-kr under følgjande føresetnader:

- a. Eksterne partar bidrar med 33,7 mill. inkl. mva. (40%), fylkeskommunen med resten (60% - 50,6 mill. kr).
- b. Heile opprustinga/utbygginga skal skje i fylkeskommunal regi.
- c. Fylkeskommunen skal ha full styringsrett når det gjeld framtidig drift og utvikling av Sogn jord- og hagebruksskule.
- d. Aurland kommune tek ansvar for å få på plass den eksterne delen av finansieringa, jf. punkt a. Dette kan eventuelt skje ved å etablere ei stifting. Ein vil kunne bruke inntil 1 – eitt – år på dette.
- e. Dersom det vert etablert ei stifting vil fylkeskommunen sjølv ikkje vere medstiftar.
- f. Stiftinga vert formell eigar av ein nærare definert del av ei større utbygging ved skulen. Fylkeskommunen/skulen skal vederlagsfritt kunne disponere det arealet som stiftinga vil stå som eigar av og alle inntekter knytt til skulen si samla verksemd.

### **3.3 Endra økonomiske rammeføresetnader, konsekvensar av nytt inntektssystem**

Fylkesrådmannen viser til regjeringa sitt framlegg til nytt inntektssystem som vart lagt fram 14.05.2014 som del av Kommuneproposisjonen for 2015.

Framlegget til nytt inntektssystem inneber at fylkeskommunen, i løpet av ein overgangsperiode på fem år, vil få ein reduksjon i dei økonomiske overføringane frå staten på omlag 235 mill. kr samanlikna med i dag. Dette er ein monaleg større reduksjon enn det fylkestinget har innarbeidd i vedteke budsjett og økonomiplan.

Som følge av dei nye inntektsføresetnadene ser fylkesrådmannen det som svært viktig at alle saker med økonomisk verknad vert handsama som ein del av heilskapen i samband med føreståande budsjett- og økonomiplan. Fylkesrådmannen finn det difor ikkje tenleg å leggje fram saka om investeringar og drift ved Sogn jord- og hagebruksskule til realitetshandsaming for fylkestinget i juni - som planlagt. Saka må i staden handsamast som ein del av budsjett- og økonomiplanprosessen.